

# Tal og fakta 2005

Utlendingsdirektoratet

NYNORSK



|   |    |
|---|----|
| Forord  | 3  |
| Migrasjon til Noreg   | 4  |
| Arbeidsløyve  | 5  |
| Arbeidsløyve til borgarar frå EU-landa                      | 6  |
| Utdanningsløyve   | 8  |
| Familieinnvandring  | 9  |
| Vedtak i asylsaker  | 12 |
| Overføringsflyktningar                                      | 13 |
| Busetjingsløyve   | 14 |
| Statsborgarskap   | 14 |
| Busetjing av flyktningar i norske kommunar                  | 15 |
| Asylmottak  | 17 |
| Asylsøknader  | 18 |
| Einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA)                    | 19 |
| Asylsøknader til dei nordiske landa og utvalde industriland | 20 |
| Visum   | 21 |
| Uttransportar og frivillig retur                            | 22 |
| Utvisingar  | 22 |
| Bortvisingar  | 22 |
| Tabellvedlegg   | 23 |
| Omgrepsdefinisjonar   | 34 |
| Tilvisningar  | 35 |


## Tabellvedlegg

|   |    |
|---|----|
| Tabell 1 Arbeidsløyve fordelte på type løyve og år. 1996–2005   | 23 |
| Tabell 2 Arbeidsløyve fordelte på type løyve og landbakgrunn. 2005                                      | 24 |
| Tabell 3 Utdanningsløyve fordelte på type løyve og landbakgrunn. 2005                                   | 25 |
| Tabell 4 Familieinnvandringsløyve fordelte på landbakgrunn og år. 2001–2005                             | 26 |
| Tabell 5 Personar som har fått vedtak om vern. 1996–2005  | 27 |
| Tabell 6 Asylvedtak i UDI fordelte på landbakgrunn og utfall. 2005                                      | 28 |
| Tabell 7 Overføringsflyktningar fordelte på godkjenningar og innreiser til Noreg. 2005                  | 29 |
| Tabell 8 Busetjingsløyve fordelte på landbakgrunn. 2005   | 29 |
| Tabell 9 Asylsøknader til Noreg fordelte på landbakgrunn og år. 1995–2005                               | 30 |
| Tabell 10 Einslege mindreårige asylsøkjjarar til Noreg, fordelte på landbakgrunn og år. 2000–2005       | 31 |
| Tabell 11 Asylsøknader mottekne i 36 industriland, etter land per 3. kvartal. 2004–2005                 | 31 |
| Tabell 12 Visumsaker behandla ved norske utanriksstasjonar, fordelte på utanriksstasjon og utfall. 2005 | 32 |
| Tabell 13 Visumsaker behandla i UDI, fordelte på landbakgrunn og utfall. 2005                           | 32 |
| Tabell 14 Bortvisingsvedtak ved innreise fordelte på grunnlag og år. 1991–2005                          | 33 |
| Tabell 15 Bortvisingsvedtak etter innreise fordelte på grunnlag og år. 1991–2005                        | 33 |
| Tabell 16 Utvisingsvedtak fordelte på grunnlag og år. 2003–2005   | 33 |

Talet på asylsøkjere som kjem til Noreg, heldt fram med å gå ned i 2005. Samtidig var det fleire som fekk løyve til å bli i landet. Eit anna viktig utviklingstrekk var aukande innvandring frå dei nye medlemslanda i EU, særleg Polen. Dette og mykje anna er det gjort nærmare greie for i denne rapporten, som prøver å gi eit bilete av migrasjonsåret 2005 på bakgrunn av dei data og erfaringar Utlendingsdirektoratet sit med.

Vi ønskjer på denne måten å formidle kunnskap om omfanget av innvandringa til Noreg og korleis denne innvandringa skjer. Direktoratet har dei siste par åra lagt stor vekt på å utvikle god statistikk. I tillegg til at tala er til stor hjelp for det overordna departementet vårt og for direktoratet sjølv, trur vi dette materialet vil vere nyttig for alle som er interesserte i innvandringspolitiske spørsmål.

Det er tredje gong Utlendingsdirektoratet gir ut ein eigen publikasjon med nøkkeltal for den verksemda vi forvaltar. Vi har fått hyggelege tilbakemeldingar om innhaldet i dei to første, men tek med glede imot forslag til forbetringar.



Frode Forfang  
Avdelingsdirektør  
Avdeling for fagleg strategi og koordinering



”Direktoratet har dei siste par åra lagt stor vekt på å utvikle god statistikk. I tillegg til at tala er til stor hjelp for det overordna departementet vårt og for direktoratet sjølv, trur vi dette materialet vil vere nyttig for alle som er interesserte i innvandringspolitiske spørsmål.”



UDIs årsrapport 2005, som blir gitt ut saman med *Tal og fakta*, gir eit utfyllande bilete av UDIs rammevilkår, arbeidsoppgåver og organisering. Årsrapporten gjer også greie for migrasjon i eit internasjonalt og nasjonalt perspektiv og utviklinga innanfor dei tre sentrale migrasjonsområda: arbeidsinnvandring, familieinnvandring og flyktingvern.

## Busette i Noreg

Kor mange som bur i Noreg, er eit resultat av migrasjon til og frå landet, fødselar og dødsfall. For å bli rekna som ein del av den norske befolkninga må ein komme til landet med planar om å opphalde seg her i minst seks månader. For nordiske borgarar er det tilstrekkeleg å varsle Folkeregisteret for å bli rekna som busett i Noreg, mens statsborgarar frå andre land må ha løyve frå norske styresmakter for å opphalde seg i landet lenger enn tre månader.

## Besøkjande til Noreg

Borgarar frå ein del land må ha visum for å besøkje Noreg. Etter at Noreg gjekk inn i Schengen-samarbeidet i 2001, vil alle som har fått visum til eit av landa som er med i samarbeidet, ha høve til å besøkje Noreg. Personar frå ein del andre land har ikkje visumplikt; dette gjeld nesten alle medlemsland i OECD og ein del land i Nord- og Sør-Amerika, Asia og Europa. I samband med EU/EØS-utvidinga frå 1. mai 2004 blei det innført ei overgangsordning for borgarar av desse landa.<sup>1</sup> Ordninga inneber at borgarar frå dei nye medlemslandane har høve til å opphalde seg som arbeidssøkjande i Noreg i inntil seks månader, men for å vere tilsette hos ein norsk arbeidsgivar må dei ha opphalds- og arbeidsløyve.

Ei oversikt over kor mange løyve som er gitt, fortel ikkje kor mange utanlandske statsborgarar som verkeleg kjem til eller oppheld seg i Noreg. På den eine sida er det svært mange av dei som besøker landet i under seks månader, som ikkje treng noko løyve, på den andre sida er det ein del som får løyve, men som ikkje nyttar det (for eksempel ved sjukdom). Somme oppheld seg dessutan ulovleg i landet ved at dei kjem utan å ha fått løyve eller blir igjen etter at løyvet har gått ut.

Utlendingsstyresmaktene<sup>2</sup> har ansvaret for å handheve reglane for opphaldsløyve og visum. I tillegg til å koordinere dette arbeidet behandlar UDI mange av søknadene om opphaldsløyve. UDI har også ansvaret for å ta hand om personar som har søkt om opphald i Noreg som flyktning. Inntil 1. januar 2006 hadde UDI ansvaret for å busetje dei som får opphaldsløyve som flyktning. Dette ansvaret blei frå årsskiftet 2005/2006 overført til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

## Innvandring gir vekst i folketallet i Noreg

I 2005 voks talet på personar som var registrert busette i Noreg, med om lag 33 900<sup>3</sup>, mens det i 2004 var ein auke på omtrent 28 500. I 2005 var det om lag 18 400 fleire personar som flytta til Noreg enn som flytta frå landet. Det var 40 100 som flytta til landet og 21 700 som flytta frå landet. Dei tilsvarande tala for 2004 er nesten 36 500 som flytta til Noreg, og nesten 23 000 som flytta frå landet. I tillegg gav fødselsoverskotet i 2005 ein tilvekst i folketallet i Noreg på 15 500 personar.

## Regulering av innvandring og reiser til Noreg

I 2005 fatta utlendingsstyresmaktene i overkant av 70 600 vedtak som gav forskjellige menneske høve til å opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader. Dette er om lag 15 000 fleire vedtak enn i 2004. Løyva fordelte seg slik:


- 50 500 løyve (inkludert fornyingar) gav grunnlag for at personar kunne arbeide i Noreg. For 3000 av desse vil det ikkje vere mogleg å søkje om nytt eller forlenga opphald utan først å vende tilbake til heimlandet.

- 6100 løyve gav grunnlag for at søkjaren skulle skaffe seg utdanning i ei eller anna form.
- 13 000 løyve blei gitt til familieinnvandrarar.
- 3060 opphaldsløyve blei gitt etter søknad om asyl. 630 av desse gjaldt menneske som fekk godkjend status som flyktningar, og 2430 løyve gjaldt personar som ein meinte hadde anna grunnlag for vern eller blei gitt fordi det låg føre andre særleg sterke menneskelege grunnar til å gi søkjaren opphald i Noreg.
- 940 personar fekk opphaldsløyve som overføringsflyktningar.

I tillegg gav norske styresmakter totalt 85 100 visa til personar som trong det for å besøkje Noreg. Det ligg ikkje føre statistikk over kor mange visumpliktlige som faktisk kom til Noreg i 2005. Statistikken over utlendingar som overnatta ved norske hotell, viser at berre litt over ti prosent av alle gjestene var personar med visumplikt.<sup>4</sup>



## Ulike typar løyve gitt 1995 – 2005



1. Estland, Latvia, Litauen, Polen, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia og Ungarn. Borgarar av Kypros og Malta er unnatekne overgangsordningane.

2. Politiet, Utlendingsnemnda, Utanrikstenesta, Utlendingsdirektoratet.

3. Tal frå SSB: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrkv/>

4. Sjå <http://www.ssb.no/emner/10/11/overnatting/>

Løve til personar som søker om opphald for å arbeide i landet, er den største kategorien av løve om ein ser bort frå kortare besøk (visum). Nordiske borgarar treng ikkje opphalds- eller arbeidsløve for å bu og arbeide i Noreg. Dei er derfor ikkje med i UDIs statistikkar over arbeidsløve. Per 1. januar 2006 budde om lag 56 500 borgarar frå andre nordiske land i Noreg.<sup>5</sup> Blant dei vaksne i denne gruppa var meir enn 70 prosent i arbeid.

## Gyldige arbeidsløve

Figuren under viser kor mange som hadde gyldig arbeidsløve ved kvart månadsskifte i perioden 01.01.2003 – 01.01.2006. Sjølv om det er grunn til å rekne med at dei fleste nyttar løyvet dei har fått, kjem det ikkje fram om innehavarane av desse løyva faktisk var i landet på det oppgitte tidspunktet.

I 2005 var det eit månadleg gjennomsnitt på 31 800 utanlandske statsborgarar med gyldig arbeidsløve i Noreg. Det lågaste talet var i januar, då det var 23 100 gyldige løyve, mens det var flest i august, med over 41 300 løyve. Flest løyve hadde polske statsborgarar (gjennomsnittleg 9200 kvar månad), og dernest kom borgarar av Tyskland (5000) og Litauen (3300).

Samanlikna med 2004 var det ein auke i talet på gyldige løyve i 2005. I 2004 var det eit månadleg gjennomsnitt på 23 800. Polen hadde det høgaste gjennomsnittet også i 2004, med 5000 løyve. Deretter kom Tyskland (4200), Storbritannia (3300) og Litauen (1800).

## Dei nye EU-landa står for den største auken

Det er borgarar av dei nye EU-landa som har stått for den største auken i gyldige løyve sidan 2003. Det er også ein tydeleg overgang frå sesongarbeidsløve til EØS-løve. Det er markerte sesongavhengige svingingar med ein topp i august kvart år. Forskjellen mellom "høgsesong" og "lågsesong" ser likevel ut til å flate noko ut.


## Færre førstegongsløve

I 2005 blei det gitt snau 50 500 arbeidsløve. Av desse var 28 500 førstegongsløve og 22 000 fornyingar. Samanlikna med 2004 var det ein auke på 10 500 løyve. Den samla auken kjem av at talet på fornyingar auka med over 15 000, mens talet på førstegongsløyve gjekk ned med 4500. 45 prosent av alle løyva i 2005 var fornyingar, mot 20 prosent i 2004. Endringa kjem hovudsakleg av at ein del borgarar frå dei nye EU-landa som fekk løyve etter EØS-regelverket for første gong i 2004, fornya løyvet i 2005. Mange av desse var sesongarbeidarar. Sesongarbeidsløve kan ikkje fornyast. Sjølv om løyva er gitt til personar som tidlegare har hatt tilsvarende løyve, vil dei komme fram som "nye" i statistikken.


I alt 92 prosent av arbeidsløyva i 2005 blei gitt til borgarar frå Europa. Elles blei fire prosent av løyva gitt til borgarar frå Asia, to prosent til borgarar frå Amerika og ein prosent til borgarar frå Oseania og Afrika.

Det blir gitt arbeidsløve med ulik varigheit, alt etter kva type arbeidsoppdrag søkjaren tek. Kor lang periode løyvet gjeld for, er avhengig av kva heimel i utlendingslova eller -forskrifta som er brukt, og av varigheita på arbeidstilbodet søkjaren har fått. Etter regelverket for borgarar av EØS-land er det mogleg å gi løyve som gjeld for inntil fem år. Arbeidsløve til borgarar av andre land kan gjelde for opptil eitt år, så må dei eventuelt fornyast. Kortvarige løyve er primært knytte til sesongprega arbeid i landbruket. Talet på gyldige løyve varierer gjennom året, og det blir gitt mange fleire løyve i samband med høgsesongen i landbruket.

Gyldige arbeidsløve 1. januar 2003 – 1. januar 2006




Arbeidsløve etter år og kategori. 1996-2005




Sidan 1996 har det vore ein kraftig auke i talet på innvilga arbeidsløve. Denne auken har vore særleg markant dei siste to åra, etter EU/EØS-utvidinga, særleg for løyve til borgarar av Polen og dei baltiske landa. Auken byrja før landa blei EU-medlemmer, og omfattar i stor grad løyve til kortvarig arbeid i landbruket. Ei endring i regelverket for spesialistar/faglærte i mai 2000, då kravet om høgskuleutdanning eller tilsvarende blei fjerna, førte dessutan til eit oppsving i talet på spesialistløyve.

5. Tal frå Statistisk sentralbyrå: [www.ssb.no](http://www.ssb.no)

Arbeidsløye fordelt på grunnlag for løyvet. 2005




Sesongarbeidsløye. Nye EU-land, andre land og totalt. 1996–2005



\*Av andre land utgjør løyve til borgarar av dei gamle EU-landa frå 0-5 prosent kvart år.

Førstegongsløye til faglærte, dei ti største landa. 2003–2005



## Forskjellig grunnlag for arbeidsløye

Løyve som var gitt etter EØS-regelverket, utgjorde 80 prosent av førstegongs arbeidsløye i 2005. Dei resterande 20 prosentane var løyve som gav grunnlag for permanent opphald, andre fornybare løyve og ikkje-fornybare løyve, blant anna sesongarbeidsløye.

## Ikke-fornybare løyve

Om lag ti prosent av arbeidsløyva som blei gitt i 2005, kunne ikkje fornyast. Når løyvet gjekk ut, måtte personen forlate landet og eventuelt søkje om løyve på nytt. 60 prosent av desse løyva var sesongarbeidsløye. Eit sesongarbeidsløye gir høve til arbeid og opphald i Noreg i inntil seks månader. I alt blei det gitt 1800 sesongarbeidsløye. Samanlikna med 2004 var det ein nedgang på 3000 løyve. For borgarar av land som ikkje er medlem av EU, var det ein liten auke i talet på sesongarbeidsløye (150). Av desse gjekk 330 løyve til borgarar av Romania (280 i 2004) og 270 til borgarar av Kviterussland (180 i 2004).

I tillegg blei det i 2005 gitt 1100 ikkje-fornybare løyve som varte i inntil eit år. Fleirtalet av desse gjaldt musikarar, artistar eller kunstnarar. Flest løyve (78 prosent) gjekk til borgarar av Bulgaria (440), Russland (250) og Romania (190). Samanlikna med 2004 var det ein samla nedgang på 1000 løyve.

## Fornybare løyve

Tre prosent av alle nye arbeidsløye som blei gitt i 2005, kan fornyast i inntil to eller fire år. Slike løyve blir gitt til personar som næringslivet treng, eller som har spesielle kvalifikasjonar, og omfattar løyve til forskarar, stipendiatar, misjonærar, journalistar og tilsette i utanlandske statsselskap eller multinasjonale selskap. I alt 98 prosent av desse løyva gjekk til personar frå land utanfor EU. Det var ein liten nedgang på 80 løyve i forhold til 2004. Årsaka til nedgangen er bortfall av løyve til borgarar av dei nye EU-landa. Talet på løyve til borgarar av andre land, inkludert gamle EU-land, auka med 85. Den reelle auken i talet på løyve etter slike grunnlag var truleg større, men ei endring i praksisen har gjort at søkjarar som tidlegare fekk eit fireårig fornybart løyve, i større grad fekk løyve som spesialist/faglært i 2005.

## Auke i faglærtløyve

I 2005 var det ein auke på nesten 65 prosent i talet på førstegongsløyve til spesialistar og faglærte. Dei største landa var USA (160), Russland (150) og India (100). Auken omfatta berre borgarar av land som ikkje er medlem av EU. Ein del av auken kan som nemnt komme av ei endring i praksisen. Stipendiatar, tilsette i multinasjonale selskap og forskarar fekk i 2005 i større grad enn tidlegare faglærtløyve. Talet på fornyingar gjekk ned med 200 løyve.

## Arbeidsløye til borgarar frå EU-landa

### Auke i talet på løyve til EU-landa

I 2005 blei det gitt 23 000 førstegongsløyve til borgarar av land som er medlem av EU. 22 700 av desse løyva hadde heimel i EØS-regelverket og berre 300 i det ordinære regelverket. I tillegg blei 20 200 løyve fornya. Til saman utgjorde dette 43 200 løyve, ein auke på 9000 (26 prosent) samanlikna med 2004.

Arbeidsløye til borgarar frå EU fekk eit kraftig oppsving i mai 2004, då EU blei utvida med ti nye land.<sup>6</sup> Borgarar frå desse landa var allereie godt etablerte på den norske arbeidsmarknaden, hovudsakleg som sesongarbeidskraft i landbruket, men også som faglærte i byggebransjen.<sup>7</sup>

### Dei gamle EU-landa

Det blei gitt 5900 løyve (3700 førstegongsløyve og 2200 fornyingar) til borgarar av dei gamle EU-landa i 2005. Det var 500 fleire enn i 2004, og heile denne auken kom i form av fornyingar. Den største mengda av løyve gjekk til borgarar av Tyskland, til saman 2600 løyve (2200 i 2004), og derest kom Storbritannia med 1200 løyve (1100 i 2004) og Nederland med 600 (500 i 2004).

6. Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Malta, Polen, Slovakia, Slovenia, Tsjekia og Ungarn.

7. Meir informasjon finst i *Tal og fakta 2004* eller UDIs nettsider [www.udi.no](http://www.udi.no)

## Dei nye EU-landa

Medrekna fornyingar blei det i 2005 gitt 37 200 løyve til borgarar av dei nye EU-landa, ein auke på 8500 løyve samanlikna med 2004. Talet på førstegongsløyve gjekk ned med 5800 (frå 25 100 til 19 300), mens talet på fornyingar auka med heile 14 300 (frå 3600 til 17 900).

Teksttabell 1. Arbeidsløyve til borgarar av nye EU-land, fordelte på type løyve og totalt. 2003 – 2005

|                            | 2003  | 2004  | 2005   |
|----------------------------|-------|-------|--------|
| EØS-løyve                  |       | 20533 | 19084* |
| Sesongløyve                | 16296 | 3356  | 167    |
| Spesialistløyve            | 485   | 135   | 33     |
| Andre løyve                | 1392  | 1076  | 17     |
| Fornyingar                 | 1441  | 3558  | 17909  |
| Totalt                     | 19614 | 28658 | 37203  |
| Fornyingar av EØS-løyve    | 7502  | 2854  | 17518  |
| Fornyingar av arbeidsløyve | 1441  | 704   | 391    |

\* Av desse varte 9320 i over tre månader.

I 2005, som i 2004, blei det gitt flest løyve til arbeidstakarar frå Polen, som med nesten 24 200 løyve (18 000 i 2004) stod for 65 prosent. Dernest kom borgarar frå Litauen med 8900 løyve (7150 i 2004) og borgarar frå Latvia med 1500 (1300 i 2004).

Teksttabell 2. Arbeidsløyve, inkludert EØS-løyve, totalt og fordelte på nye EU-land. 2005

| Land     | Førstegongs-løyve av desse | EØS-løyve av desse | Fornyingar av desse | EØS-løyve av desse | Totalt |
|----------|----------------------------|--------------------|---------------------|--------------------|--------|
| Polen    | 12607                      | 12479              | 11581               | 11352              | 24188  |
| Litauen  | 4375                       | 4330               | 4527                | 4493               | 8902   |
| Latvia   | 809                        | 802                | 711                 | 693                | 1520   |
| Estland  | 605                        | 599                | 388                 | 372                | 993    |
| Slovakia | 447                        | 440                | 411                 | 340                | 858    |
| Tsjekkia | 277                        | 259                | 163                 | 154                | 440    |
| Ungarn   | 165                        | 160                | 105                 | 98                 | 270    |
| Slovenia | 14                         | 13                 | 13                  | 13                 | 27     |
| Malta    | 1                          | 1                  | 2                   | 2                  | 3      |
| Kypros   | 1                          | 1                  | 1                   | 1                  | 2      |
| Totalt   | 19301                      | 19084              | 17902               | 17518              | 37203  |

## Polittiet gir flest løyve etter EØS-regelverket

Over 98 prosent av løyva til borgarar av dei nye EU-landa blei i 2005 gitt etter EØS-regelverket. Polittiet stod for mesteparten (96 prosent) av dei 36 600 løyva som blei gitt. Flest løyve gav Søndre Buskerud politidistrikt (3300), Vestfold politidistrikt (2700) og Hedmark politidistrikt (2700). Dette er politi-

distrikt som omfattar store jordbruksområde. Oslo politidistrikt gav 2600 løyve. Politidistrikta i Nordland, Troms og Finnmark var dei som gav færrest løyve.

I alt 75 prosent av løyva gjekk til menn. Varigheita på løyva viser at dei fleste arbeidstilboda framleis gjaldt arbeid for eit kortare tidsrom. Vel halvparten av løyva blei gitt for ein periode på inntil tre månader, mens 70 prosent gjaldt i inntil seks månader. Den viktigaste årsaka til dette er nok behovet for arbeidskraft i høysesongen i landbruket. Det er sannsynleg at 60-70 prosent av arbeidsløyva som blei gitt til borgarar av dei nye EØS-landa, gjaldt sesongarbeid.

## Norden

Av alle EØS-løyva<sup>8</sup> som dei nordiske landa gav til arbeidstakarar frå dei nye EU-medlemslanda, gjaldt om lag halvparten arbeid i Noreg.

Det høge talet i Noreg kan forklarast med eit relativt stort behov for arbeidskraft i sesongprega verksemd, spesielt i landbruket, men også med behovet for arbeidskraft i byggje- og anleggsbransjen.


Teksttabell 3. EØS-løyve til arbeid som varer i over tre månader, totalt og fordelte på nordiske land. F.o.m. mai 2004 – t.o.m. august 2005

| Land     | Island* | Danmark | Finland | Sverige | Noreg | Totalt |
|----------|---------|---------|---------|---------|-------|--------|
| Polen    | 1171    | 1734    | 185     | 3838    | 8902  | 15830  |
| Litauen  | 262     | 1479    | 73      | 1048    | 3017  | 5879   |
| Estland  | 62      | 124     | 2594    | 520     | 591   | 3839   |
| Latvia   | 65      | 402     | 127     | 335     | 576   | 1505   |
| Ungarn   | 24      | 149     | 86      | 288     | 120   | 667    |
| Slovakia | 146     | 73      | 13      | 90      | 318   | 640    |
| Tsjekkia | 60      | 74      | 37      | 145     | 162   | 472    |
| Slovenia | 1       | 12      | 2       | 19      | 15    | 49     |
| Kypros   | 0       | 0       | 0       | 8       | 3     | 11     |
| Malta    | 0       | 0       | 0       | 3       | 2     | 5      |
| Totalt   | 1791    | 4047    | 3111    | 6294    | 13706 | 28949  |


\* Tala frå Island inkluderer også løyve som er gitt for under tre månader.

Tabellen viser at dei fleste løyva i Norden gjekk til borgarar frå Polen (56 prosent). Dei utgjorde over halvparten av alle borgarar frå dei nye EU-landa som fekk førstegongsarbeidsløyve med over tre månaders varigheit. Borgarar frå Litauen fekk 20 prosent av desse løyva, mens estlendarar fekk 13 prosent.

Arbeidsløyve fordelte på type løyve og vedtaksinstans, prosent. 2005




EØS-løyve til arbeid i nordiske land, fordelte på nye EU-land, prosent. F.o.m. mai 2004 t.o.m. august 2005




8. Løyva gjaldt for tre månader eller meir og var gitt i perioden frå 1. mai 2004 til og med august 2005. Forskjellar i regelverk og registreringspraksis i dei ulike landa påverkar kva for tal som kan samanliknast i dei nordiske landa. Finland og Sverige registrerer for eksempel ikkje løyve som gjeld for under tre månader. Den statistikken som er presentert her, omfattar derfor berre løyve som gjeld for over tre månader, med unntak for Island, som ikkje skil ut løyve som gjeld for under tre månader.


Utdanningsløyve fordelte på type løyve, prosent. 2005



Au pair-løyve, fordelte på kjønn og dei ti største landa. 2005



Praktikantar, fordelte på kjønn og dei ti største landa. 2005



Auke i talet på utdanningsløyve til Noreg Utdanningsløyve er opphaldsløyve gitt til utlendingar som vil til Noreg med det formål å ta utdanning. I 2005 blei det gitt totalt 6100 nye slike løyve, om lag 700 fleire enn i 2004. I tillegg blei 3200 løyve fornya. Løyve til au pair-ar og praktikantar og studieløyve til utlendingar som skal gå på vidaregåande skule, folkehøgskule, høgskule eller universitet i Noreg, blir rekna som løyve gitt til utdanningsformål.

## Flest kvinner

I alt 4500 (73 prosent) av dei nye løyva blei gitt til personar som ville studere ved ein vidaregåande skule, folkehøgskule, høgskule eller universitet, og av desse blei 56 prosent gitt til kvinner. Dei resterande 1650 løyva (27 prosent) gjekk til personar som skulle ha arbeidspraksis, vere praktikant eller au pair. Kvinner fekk 81 prosent av desse.

Som i 2003 og 2004 gjekk dei fleste utdanningsløyva til elevar og studentar frå Tyskland og Kina som ville studere ved ein vidaregåande skule, folkehøgskule, høgskule eller universitet. I underkant av 760 løyve blei gitt til tyskarar, dei fleste kvinner. Om lag 320 løyve blei gitt til studentar frå Kina, ein auke på 12 prosent samanlikna med 2004.

Teksttabell 4. Studieløyve\*, totalt og fordelte på dei ti største landa. 2005

| Landbakgrunn | Løyve |
|--------------|-------|
| Tyskland     | 761   |
| Kina         | 322   |
| Frankrike    | 295   |
| Spania       | 239   |
| USA          | 210   |
| Italia       | 208   |
| Russland     | 179   |
| Polen        | 123   |
| Nederland    | 114   |
| Tyrkia       | 92    |
| Andre land   | 1915  |
| Totalt       | 4458  |

\* Inkluderer EØS-løyve, vidaregåande skular, folkehøgskular, studentar og postdoktorgradsstudentar ved universitet og høgskular.

## Arbeidsrelaterte utdanningsløyve

I 2005 blei det gitt 1650 løyve til personar som ønskte å få arbeidspraksis, au pair-ar og praktikantar. Samanlikna med 2004 var det ein auke i talet på au pair-løyve på 190, mens talet på praktikantar gjekk ned med 170. Inkludert andre arbeidsrelaterte utdanningsløyve var det til saman ein auke på i underkant av 200 løyve frå 2004 til 2005.

## Éin av tre au pair-ar frå Filippinane

Au pair-løyve var den største kategorien av arbeidsrelaterte utdanningsløyve, om lag 1200. Samanlikna med 2004 var det ein auke på 190 løyve. I alt 97 prosent av au pair-løyva gjekk til kvinner.

32 prosent av au pair-løyva gjekk til filippinske statsborgarar. Samanlikna med 2004 var det ei auke på 160 løyve talet på løyve til au pair-ar frå Filippinane. 99 prosent av desse løyva gjekk til kvinner. Samanlikna med 2004 var det også ei dobling av talet på au pair-ar frå Ukraina, til om lag 170 i 2005. Au pair-løyve til borgarar frå dei nye EØS landa stod for 14 prosent av desse løyva.

Teksttabell 5. Au pair-løyve, totalt og fordelte på dei ti største landa. 2005

| Landbakgrunn | Løyve |
|--------------|-------|
| Filippinane  | 392   |
| Ukraina      | 166   |
| Russland     | 92    |
| Romania      | 76    |
| Polen        | 71    |
| Litauen      | 40    |
| Peru         | 36    |
| Sri Lanka    | 25    |
| Latvia       | 24    |
| Thailand     | 24    |
| Andre land   | 262   |
| Totalt       | 1208  |

## Færre praktikantar

Det blei gitt i overkant av 320 løyve til praktikantar, ein nedgang på snutt 170 samanlikna med 2004. I overkant av 62 prosent gjekk til menn. 32 prosent av desse løyva var det søkjarar frå Polen som fekk.



Utlendingsstyresmaktene gav i 2005 i overkant av 13 000 førstegongs familieinnvandring-løyve. Dette var litt fleire enn i 2004. Som i 2004 blei det gitt flest løyve til personar frå Thailand – litt over 1000. Derneft følgde løyve til irakiske og somaliske borgarar, med drygt 900 løyve per land. Den største endringa frå 2004 var at polske borgarar utgjorde den fjerde største gruppa, med 750 nye løyve. I 2004 fekk under 400 personar frå Polen familieinnvandring-løyve. Auken i talet på familieinnvandring personar herifrå har truleg samanheng med at det kjem stadig fleire arbeidsinnvandrarar frå Polen, og at fleire får løyve for så lang tid at dei ønskjer å hente familien til Noreg.

To av fem familieinnvandring-løyve blei gitt av politiet. Politiet har ikkje høve til å avslå søknader, og i saker der det kan vere tvil om utfallet, skal saka behandlast av UDI.

### Fleire fekk løyve

Medrekna omgjeringar i Utlendingsnemnda (UNE) blei 80 prosent av søknadene godkjende i 2005. Dette var ein auke på to prosentpoeng frå 2004. For søknader frå personar med somalisk og afghansk bakgrunn var det ein sterk auke i prosentdelen som blei godkjende, høvesvis frå 40 til 56 og frå 38 til 59. Dette kan komme av at herbuande til søkjarane frå desse landa i større grad enn i 2004 hadde arbeid eller var unnatekne krav om underhald fordi dei hadde fått busetjingsløyve.

Personar frå Somalia og Afghanistan hadde høgast prosentdel avslag blant vedtaka som gjaldt familieinnvandring. Til forskjell fekk 98 prosent av søkjarane frå Polen løyve til familieinnvandring. Forskjellen mellom landa har samanheng med ulike føresetnader for å kunne dokumentere slektskap og problem med å oppfylle kravet om underhald.


### Eitt av to løyve til ektefelle

Litt over halvparten av alle familieinnvandring-løyva blei gitt på bakgrunn av at ektefelle, sambuar eller partnar bur i Noreg. To av fem løyve gjekk til barn under 18 år med foreldre som budde eller skulle busetje seg i Noreg. To prosent fekk løyve fordi dei var unge vaksne (under 21 år) som blei forsørgde av foreldre som budde i Noreg, foreldre med ansvar for barn som budde i Noreg, eller gamle foreldre som skulle bu saman med barna som budde her.


### Flest barn frå Somalia

I overkant av 700 av barna som fekk familieinnvandring-løyve, hadde bakgrunn frå Somalia, og dei var dermed den største gruppa. Det blei også gitt løyve til mange barn frå Irak og Polen. Blant personar som søkte sameining med ektefellen, var det flest thailandske borgarar, med over 700 løyve. Thailendarar fekk nesten dobbelt så mange løyve som borgarar frå Russland, det landet som det blei gitt nest flest løyve til.

Familieinnvandring-løyve 1998–2005




Søknader om familieinnvandring fordelte på dei ti største landa og utfall. 2005




“Av dei som fekk familieinnvandring-løyve, var det 40 prosent som blei sameinte med ein norsk eller nordisk borgar, hovudsakleg som ektefelle.”


Familieinnvandring fordelt på familietilknytning, prosent. 2005



**Familieinnvandringsløyve fordelt på landbakgrunn og alder. Ti største land. 2005**



**Familieinnvandringsløyve fordelt på landbakgrunn og kjønn. Ti største land. 2005**



## Ikkje alle barn har innvandra

Ein del av barna som fekk familieinnvandringsløyve, har ikkje innvandra, men er fødte i Noreg av utanlandske foreldre. Heile 28 prosent av dei barna som fekk løyve, var under eitt år. Mange av dei er truleg fødte i Noreg.

## Flest kvinner

Som i tidlegare år var det fleire kvinner (63 prosent) enn menn som fekk familieinnvandringsløyve. Blant personar over 18 år var 74 prosent kvinner, mens det blant barn var 49 prosent jenter. Fordelinga mellom menn og kvinner varierte med landbakgrunn. For land som det kom mange barn frå, var forskjellen mellom kjønna naturleg nok mindre enn for andre land. For personar over 18 år, var det for dei fleste landa stor overvekt av kvinner. Berre for nokre få land, som Tyrkia (57 prosent menn) og Australia (53 prosent menn), var det fleire menn enn kvinner som fekk familieinnvandringsløyve.


## Tre hovudtypar familieinnvandring

Det kan vere ulike grunnar til å komme som familieinnvandrar til Noreg. Somme kjem fordi dei har funne ein ektefelle i Noreg eller er barn av nokon som har funne ny ektefelle i Noreg. Andre kjem fordi ektefellen eller foreldra har flykta til Noreg på grunn av krig i heimlandet. For ei tredje gruppe er årsaka at ektefellen eller foreldra har fått arbeid eller skal studere i Noreg.

## Ekteskap med norsk borgar

Av dei som fekk familieinnvandringsløyve, var det 40 prosent som blei sameinte med ein norsk eller nordisk borgar, hovudsakleg som ektefelle. Dette omfattar også personar der den herbuande parten tidlegare har hatt eit anna statsborgarskap. Det var få barn som blei sameinte med ein norsk borgar, ettersom dei fleste av barna sjølv er norske statsborgarar. Ein del barn kom til Noreg saman med ei mor eller ein far som skulle sameinast med ein norsk borgar, såkalla særkullsbarn. Det er vanskeleg å talfeste nøyaktig kor mange dette var. Ut frå kor mange barn som vart sameinte med ein forelder i Noreg som også hadde familieinnvandra, var om lag 900 barn såkalla særkullsbarn.

Dei fleste av løyva som blei gitt til thailandske borgarar, gjekk til personar som skulle slutte seg til ein ektefelle med norsk bakgrunn i Noreg. Heile 97 prosent av dei som var over 18 år, blei sameinte med ein norsk borgar. Det blei også gitt mange løyve til særkullsbarn av thailandske borgarar. Omtrent 30 prosent av dei thailandske borgarane som fekk løyve, var barn under 18 år. Dei fleste av desse barna, over 95 prosent, var særkullsbarn.





### Ein av fire sameint med arbeidsinnvandrar eller student

I alt 22 prosent av familieinnvandringsløyva gjekk til personar som blei sameinte med ein arbeidsinnvandrar. Det var 59 prosent barn i denne gruppa. Familieinnvandrarar med polsk bakgrunn var den største gruppa (19 prosent). 74 prosent av familieinnvandrarane frå Polen fekk løyve for å bli sameinte med ein arbeidsinnvandrar.

To prosent av dei som fekk familieinnvandringsløyve, kom fordi ektefellen eller foreldra skulle studere i Noreg.

### Familie til flyktning

12 prosent av dei som fekk familieinnvandringsløyve, blei sameinte med personar som tidlegare hadde fått opphaldsløyve fordi dei var flyktningar. I denne gruppa var 72 prosent barn.


12 prosent blei sameinte med ein som hadde busetjingsløyve. 62 prosent av desse hadde opphavleg flyktningbakgrunn. Tek vi med alle som er sameinte med personar som har fått busetjingsløyve eller statsborgarskap etter å ha komme til Noreg som flyktning, er 24 prosent sameinte med ein person med flyktningbakgrunn.

Av personar med bakgrunn frå Somalia blei heile 80 prosent sameinte med ein person med flyktningbakgrunn.


### Herbuande ektefelle er eldst

I snitt var den herbuande ektefellen seks år eldre enn ektefellen som fekk løyve. Figuren under viser aldersforskjell på den herbuande ektefellen og søkjaren fordelt på dei fem største landa. For thailandske borgarar var den herbuande ektefellen ein god del eldre enn søkjaren. Alderen til søkjaren ligg omtrent på gjennomsnittet, mens den herbuande personen er eldre enn for dei fleste andre land. For pakistanske borgarar ser vi at forskjellane mellom søkjaren og den herbuande er liten, men begge ektefellane er yngre enn gjennomsnittet i andre land.


Familieinnvandringsløyve fordelt på søkjarens og den herbuande partens statsborgarskap og dei seks største landa. 2005



Familieinnvandringsløyve fordelt på opphaldsgrunnlag til herbuande. 2005




Familieinnvandrarar til ektefelle/sambuar/partnar, fordelt på landbakgrunn og alderen til den herbuande og søkjaren. Dei fem største landa. 2005



"I snitt var den herbuande ektefellen seks år eldre enn ektefellen som fekk familieinnvandringsløyve."


**Vedtak i asylsaker\* i UDI, prosent. 2005**



Realitetsbehandla asylsøknader i Noreg  
Behandla etter Dublin-forordninga  
Bortlagd/trekt


\*Kvoteflyktningar og dei som har søkt frå utlandet, er haldne utanfor.

**Vedtak i realitetsbehandla asylsaker fordelt på utfall i UDI, prosent. 2005**



Asyl  
Anna vern  
Opphald av humanitære grunnar  
Avslag

**Gitt opphald etter søknad om asyl, fordelt etter grunnlag, dei ti største landa. 2005**



Asyl  
Anna vern  
Opphald av humanitære grunnar

I 2005 blei det gjort i overkant av 7400 vedtak i asylsaker. I 74 prosent av desse sakene vurderte UDI realiteten i behovet for vern eller opphald på grunnlag av andre sterke menneskelege omsyn (realitetsbehandla søknader). I nær 17 prosent av alle dei ferdigbehandla sakene enda UDIs vedtak med at søknaden skulle realitetsbehandlast av styresmaktene i eit av dei andre landa som er med i Dublin-samarbeidet.<sup>9</sup> Dei andre vedtaka om at søknaden ikkje skulle realitetsbehandlast (ni prosent), blei gjorde fordi søkjaren hadde trekt søknaden, eller saka blei lagt vekk av andre grunnar.

## Differensiert saksbehandling

Frå 1. juni 2005 utvida UDI den differensierte saksbehandlinga med ein 3-vekersprosedyre og ein 7-vekersprosedyre. Desse kom i tillegg til 48-timarsprosedyren, Dublin-prosedyren og prosedyren for einslege mindreårige asylsøklarar. Ei nærmare forklaring av differensieringa finst i UDIs årsrapport, s. 19.

I perioden 1. juni – 31. desember 2005 blei det fatta i underkant av 260 vedtak etter 3-vekersprosedyren og i overkant av 530 vedtak etter 7-vekersprosedyren.

## 48-timarsprosedyren

I 2005 kom det i underkant av 100 vedtak i saker som blei behandla etter 48-timarsprosedyren.<sup>10</sup> Dei utgjorde i overkant av ein prosent av alle vedtak i realitetsbehandla asylsøknader, omtrent same prosentdel som i 2004. Alle desse søkjarane fekk avslag. I alt 45 personar blei tekne ut av 48-timarsprosedyren i 2005. Av desse blei 11 overførte til Dublin-prosedyren, og 25 blei overførte til ordinær behandling. Dei resterande søknadene blei tekne ut av prosedyren fordi søkjaren var forsvunnen eller hadde trekt søknaden.

## Dublin-samarbeidet

Talet på vedtak om Dublin-behandling gjekk ned frå 26 prosent i 2004 til 17 prosent i 2005. Nedgangen har samanheng med at av dei ferdigbehandla sakene i 2005 var det fleire eldre saker – i forhold til søknader som var mottekne i løpet av året – enn for tidlegare år. Det var relativt færre Dublin-saker blant dei eldre sakene enn blant nye søknader i 2005. Den generelle nedgangen i talet på asylsøknader og eit meir effektivt samarbeid mellom land i Schengen-området – gjennom bruk av Eurodac<sup>11</sup> – kan også ha ført til at færre personar fann det tenleg å søkje asyl i andre land som er med i Dublin-samarbeidet.

Det var flest søkjarar frå Serbia og Montenegro som fekk vedtak om behandling i samsvar med Dublin-samarbeidet i 2005, dernest kom søkjarar frå Russland og Afghanistan.

I 2005 aksepterte dei andre landa i Dublin-samarbeidet å ta tilbake 1200 personar som hadde søkt om asyl i Noreg, mens Noreg aksepterte å ta tilbake om lag 1300 personar som hadde søkt om asyl i andre land. I 2004 var det fleire akseptar i andre land i Dublin-samarbeidet enn Noreg aksepterte å ta tilbake, høvesvis 3200 og 1850.

Av landa som er med i Dublin-samarbeidet, var det Tyskland, Sverige og Italia som aksepterte å ta tilbake flest asylsøklarar frå Noreg. Noreg aksepterte å ta tilbake flest asylsøklarar frå Sverige, Tyskland og Finland.

Talet på akseptar og talet på faktiske returar er ikkje det same for eit bestemt år, fordi returneringa kan bli gjennomført året etter aksepten. Talet på faktiske returar finst på [www.politiet.no](http://www.politiet.no).

## Realitetsbehandla asylsøknader

UDI realitetsbehandla i overkant av 5400 asylsøknader i 2005, om lag 3100 færre enn i 2004. Realitetsbehandla asylsøknader utgjorde 68 prosent av alle vedtak i asylsaker i 2004.

Årsaka til den relative auken i talet på realitetsbehandla asylsøknader av det totale talet vedtak frå 2004 til 2005 er særleg at det i 2005 blei prioritert å behandle ferdig eldre saker, slik at den differensierte asylsaksbehandlinga kunne setjast i verk.

Nedgangen i talet på realitetsbehandla asylsøknader kom blant anna av at det kom færre asylsøklarar til landet, og at det blant dei søknadene som blei ferdigbehandla i 2005, var fleire vanskelege og tidkrevjande saker enn i 2004.

I 2005 fikk om lag 2500 personar opphald etter søknad om asyl. Mengda av løyve auka frå 40 prosent i 2004 til 45 prosent i 2005. Samanlikna med 2004 blei det i 2005 behandla relativt fleire saker frå søkjarar med bakgrunn frå land som blir vurderte som utrygge.

## Asyl

Ti prosent av dei som fekk søknaden realitetsbehandla i 2005, fekk asyl, i alt nærmare 570 personar. Samanlikna med 2004 gjekk delen opp, frå fem til ti prosent av alle vedtak.

9. Omgrepsdefinisjon s. 34.

10. Omgrepsdefinisjon s. 34

11. Eurodac s. 34

Det blei gitt asyl til personar med bakgrunn frå 41 forskjellige land. Av dei som fekk asyl, var de fleste borgarar av Somalia, Eritrea eller statslause asylsøklarar. Dei fleste av dei statslause var palestinarar. Til saman utgjorde desse tre gruppene 39 prosent av alle som fekk asyl i 2005.

I alt 51 prosent av dei som fekk asyl i 2005, var menn, flesteparten (37 prosent) av dei var mellom 30 og 50 år. Blant kvinnene som fekk asyl, var dei fleste mellom 18 og 30 år.

### Anna vern

I 2005 fekk 860 personar opphald i Noreg av andre vernegrunnar enn som flyktning. Samanlikna med 2004 var det ein nedgang på 440 personar, men prosentdelen av alle realitetsbehandla asylsøknader var omtrent den same som i 2004. Av dei som fekk opphald på dette grunnlaget, var 60 prosent frå Somalia, Irak eller Burundi.

I alt 61 prosent av dei som fekk opphald av andre vernegrunnar i 2005, var menn, og 41 prosent var mellom 18 og 30 år. Dei fleste av kvinnene som fekk opphald av andre vernegrunnar, var mellom 18 og 30 år.

### Opphald av humanitære grunnar

I overkant av 1050 personar fekk opphald av humanitære grunnar<sup>12</sup> i 2005, ein nedgang på nærmare 700 løyve samanlikna med 2004. Det var 19 prosent som fekk opphald av humanitære grunnar, omtrent like stor prosentdel som

i 2004. I alt 38 prosent av dei som blei gitt opphald av humanitære grunnar, var frå Russland (dei fleste med tsjetsjensk etnisitet). Andre store grupper blant dei som fekk opphald av humanitære grunnar, var personar frå Afghanistan, Somalia og Irak.


I alt 53 prosent av alle som fekk opphald av humanitære grunnar i 2005, var kvinner, og 42 prosent av dei var under 18 år. Blant mennene som fekk opphald av humanitære grunnar, var dei fleste under 18 år.

### Fleire av kvinnene får opphald

Frå 2003 til 2005 har prosentdelen av kvinner som får opphaldsløye, gått opp frå omtrent 40 prosent i 2003 til 62 prosent i 2005. For menn har prosentdelen som får opphald, halde seg stabil på omtrent 40 prosent.

Endringa for kvinner frå 2003 til 2005 kan delvis forklarast med at det i dei seinare åra har vore større merksemd rundt kjønnsbasert forfølgning både i Noreg og internasjonalt, samtidig som vedtaka for kvinnelege asylsøklarar i større grad enn før har omfatta kvinner frå land der dei kan ha vore i ein særleg utsett situasjon. I 2005 var prosentdelen av kvinner frå Somalia, Afghanistan og Irak som fekk opphald, markant høgare enn for kvinner frå Russland og Serbia og Montenegro, der prosenttala for kvinnene låg omtrent på same nivå som mennene i slike saker.

Gitt opphald etter søknad om asyl fordelt på alder og kjønn. 2005




## Overføringsflyktningar

UDI gav løyve til i overkant av 940 overføringsflyktningar i 2005, nesten 200 fleire enn i 2004. Personar med bakgrunn frå Myanmar, Den demokratiske republikken Kongo og Burundi fekk til saman 80 prosent av løyva som blei gitt i 2005. I 2004 var dei fleste av desse flyktningane frå Myanmar, Liberia og Iran.

Nærmare 750 overføringsflyktningar kom til Noreg i 2005. Talet inkluderer personar som blei tekne ut i 2004 og 2005. Det er derfor ikkje samsvar mellom talet på uttekne og talet på dei som kom same år. I 2005 kom det 100 færre overføringsflyktningar til Noreg enn i 2004.

Dei fleste overføringsflyktningane som kom til Noreg i 2005, var personar med bakgrunn frå Myanmar. Saman med overføringsflyktningar med bakgrunn frå Den demokratiske republikken Kongo og Burundi utgjorde dei nærmare 80 prosent av alle overføringsflyktningar som kom til Noreg. I 2004 utgjorde flyktningar frå Liberia, Myanmar og Iran 82 prosent av overføringsflyktningane.

Godkjenningar og innreiser av overføringsflyktningar, dei fem største landa. 2005




### Overføringsflyktningar

Storleiken på og samansetjinga av kvoten for overføringsflyktningar<sup>13</sup> blir fastsett i statsbudsjettet etter innspel frå og dialog med UNHCR (FNs høgkommissær for flyktningar). Avtalen med UNHCR er treårig og blir vurdert fleksibelt innanfor perioden 2004-2006. Når norske styresmakter har bestemt at ein person oppfyller dei vilkåra som er sette, får personen innreiseløye til Noreg. Eit innreiseløye inneber som regel at personen får rett til asyl og reisebevis for flyktning, og at han eller ho får arbeids- eller opphaldsløye i Noreg. Reisebeviset er gyldig ved reiser til alle land, med unntak av heimlandet. Når UDI har teke ut ein person som overføringsflyktning, blir ein aktuell kommune kontakta og bedt om å busette denne personen. Etter at kommunen har samtykt i dette, tek UDI kontakt med International Organization for Migration (IOM), som ordnar med reisa til Noreg.

12. Omgrepsdefinisjon s. 34.

13. Omgrepsdefinisjon s. 34.


**Busetjingsløyve 1996 – 2005**



For å få busetjingsløyve (permanent opphaldsløyve) i Noreg må ein ha budd samanhengande i landet i tre år med eit opphalds- eller arbeidsløyve som er gitt med sikte på varig opphald. Dette omfattar personar som har fått asyl, opphald av andre vernegrunnar eller av humanitære grunnar, opphald gjennom familieinnvandring, arbeidsløyve som faglært og nokre få andre typar løyve. Samanhengande butid vil seie at ein ikkje kan ha opphalde seg utanfor Noreg i meir enn sju månader samanlagt i løpet av desse tre åra. Vidare må grunnlaget for det opphavlege løyvet ha

vore til stades i heile treårsperioden. Eit busetjingsløyve er ikkje tidsbegrensa og skal ikkje fornyast. Sjølv om grunnlaget for det opphavlege løyvet fell bort, for eksempel ved skilsmisse eller arbeidsløyse, mistar ein ikkje dette løyvet. Men ein kan miste busetjingsløyvet om ein oppheld seg samanhengande utanfor Noreg i meir enn to år, eller meir enn to år til saman i løpet av ei fireårsperiode. Dei fleste busetjingsløyva blir gitt av politiet, men ved tvil blir søknaden behandla av UDI. Busetjingsløyve må ikkje forvekslast med arbeidet for å busetje flyktningar i norske kommunar (s. 15).

**Busetjingsløyve fordelte på dei ti største landa og kjønn. 2005**



## 20 000 personar fekk busetjingsløyve i 2005

I 2005 fekk i alt 20 000 personar busetjingsløyve. Dette er det høgaste talet på busetjingsløyve som er gitt i løpet av eitt år. Til samanlikning blei det i 2004 gitt 15 500 løyve. Det er grunn til å tru at auken har samanheng med at det i 2002 blei gitt vesentleg fleire familieinnvandringsløyve enn i tidlegare år.

### Kven fekk busetjingsløyve?

Som i 2004 var borgarar av Irak den største gruppa blant dei som fekk busetjingsløyve, med 15 prosent av alle løyva. 11 prosent hadde somalisk bakgrunn. I 2002 fekk borgarar frå desse to landa relativt mange familieinnvandringsløyve. I tillegg fekk mange menneske frå desse landa opphald etter søknad om asyl.

### Kva slags innvandringsgrunn hadde dei som fekk busetjingsløyve?

Av dei som fekk busetjingsløyve i 2005, hadde 26 prosent flyktningbakgrunn, og 55 prosent kom til Noreg som familieinnvandrarar. Fem prosent hadde tidlegare arbeidssinnvandra. At det var så liten prosentdel arbeidssinnvandrarar som fekk busetjingsløyve, seier ikkje noko om kor mange arbeidssinnvandrarar som faktisk

oppheld seg i Noreg utover tre år. Mange i denne gruppa får løyve etter EØS-regelverket og vil derfor ikkje kunne søkje om busetjingsløyve. Dei vil likevel kunne bu i Noreg på permanent basis, men må søkje om fornying minimum kvart femte år. Dei vil også kunne søkje om norsk statsborgarskap etter oppfylt butid.


### Flest kvinner

Det var litt fleire kvinner (55 prosent) enn menn som fekk busetjingsløyve i 2005. Blant irakarane var kjønnsfordelinga lik, mens det var noko fleire menn enn kvinner frå Somalia som fekk busetjingsløyve. For land som Thailand og Russland var det overvekt av kvinner.

### Alder

Rundt 30 prosent av dei som fekk busetjingsløyve i 2005, var under 18 år. Dei landa som hadde mange personar med flyktningbakgrunn, hadde også ein stor prosentdel barn som fekk busetjingsløyve. Det vil seie Irak, Somalia og Afghanistan. Blant personar som kom frå desse landa, utgjorde barn rundt 45 prosent.

**Statsborgarskapsløyve totalt og talet på løyve gitt av utlendingsstyresmaktene. 1996–2005**



\*Kjelde SSB. Per 01.03.06 var ikkje totaltalet for 2005 klart.

## Statsborgarskap

I 2005 innvilga utlendingsstyresmaktene om lag 11 700 søknader om statsborgarskap. Det var nesten 4600 fleire enn året før. Den største gruppa blant desse var personar med bakgrunn frå Irak, som stod for nærare 2200 innvilga statsborgarskap. Personar med bakgrunn frå Somalia var den nest største gruppa, med litt over 1200 innvilgingar. Den største gruppa blant dei som fekk godkjent norsk statsborgarskap i 2004, var frå Bosnia-Hercegovina.

52 prosent av alle som fekk norsk statsborgarskap i 2005, var kvinner. Ein stor del av dei som fekk

nytt statsborgarskap, var barn. I 2005 utgjorde personar under 18 år 35 prosent av alle som fekk norsk statsborgarskap. Dette er ein auke i forhold til 2004, då 29 prosent av dei som fekk godkjent norsk statsborgarskap, var under 18 år.

Det er først og fremst flyktningar og personar som tidlegare har familieinnvandra, som søker om å få bli norsk statsborgar. Heile 51 prosent av dei som fekk godkjent statsborgarskap av utlendingsstyresmaktene i 2005, kom som flyktningar til Noreg, mens 28 prosent kom som familieinnvandra.

## Færre blei busette i norske kommunar

I 2005 blei det busett i overkant av 4800 flyktningar og familiesameinte til desse flyktningane i norske kommunar. Dette var 700 færre enn i 2004.

Nedgangen kjem først og fremst av at talet på busette familiemedlemmer til flyktningar blei meir enn halvert, frå litt over 1000<sup>14</sup> i 2004 til i overkant av 400 i 2005. Når det gjeld busette familiemedlemmer, har det vist seg å vere mange etterregistreringar. Det reelle talet for denne gruppa vil truleg vise seg å vere noko høgare i 2005. Hovudforklaringa på nedgangen er likevel endringar i regelverket for utbetaling av integreringstilskot til kommunane. Familieinnvandra som er sameinte med ein person som har fått opphaldsløyve av vernegrunnar eller på humanitært grunnlag, er no i mindre grad enn tidlegare blitt registrerte som busette flyktningar, sidan dei ikkje utløyste integreringstilskot i 2005. Til samanlikning fekk 1500 personar løyve til familiesameining med ein nykommen flyktning<sup>15</sup> i 2005. Ein del av desse blei ikkje nødvendigvis busette i 2005, men kan komme til Noreg på eit seinare tidspunkt.

I 2005 blei litt over 3600 personar frå asylmottak busette i kommunane, ein nedgang frå 3800 personar i 2004. Ved årsskiftet var det 1400 personar i mottak som venta på å bli busette i ein kommune. Dette er ein stor nedgang frå årsskiftet 2003/2004, då 2150 personar venta på å bli busette.

Det har også vore ein nedgang i talet på busette overføringsflyktningar. I 2005 blei 750 frå denne gruppa busette, mot 850 i 2004.

## Kvar kom dei busette frå?

Personar med bakgrunn frå Russland (majoriteten med tsjetsjensk bakgrunn) var den største gruppa blant dei som blei busette i 2005. Vidare blei det busett mange frå Afghanistan, Somalia og Irak. Det var også frå desse fire landa Noreg mottok flest asylsøkjjarar i 2004. Personar med bakgrunn frå Myanmar og Den demokratiske republikken Kongo, hovudsakleg overføringsflyktningar, var den femte og sjette største gruppa blant dei busette i 2005.

## Fleire menn enn kvinner busette

Av dei som blei busette i 2005, utgjorde mennene 53 prosent. Dette var ein lågare prosentdel enn i 2004, då mennene utgjorde 58 prosent. Det har særleg vore ein auke i busette kvinner som opphavleg søkte asyl.

Teksttabell 6. Busette flyktningar og familien deira, totalt og fordelte på dei ti største landa. 2005


| Landbakgrunn         | Busette |
|----------------------|---------|
| Russland             | 905     |
| Somalia              | 577     |
| Afghanistan          | 558     |
| Irak                 | 497     |
| Myanmar              | 339     |
| Dem. rep. Kongo      | 337     |
| Serbia og Montenegro | 210     |
| Burundi              | 196     |
| Etiopia              | 154     |
| Statslause           | 141     |
| Andre land           | 914     |
| Totalt               | 4828    |

Barn utgjorde 42 prosent av alle som blei busette. Dei fleste var i dei yngste aldersgruppene. Prosentdelen av barn auka i forhold til i 2004, då han var 39 prosent.

Dei fleste som blei busette, var i aldersgruppa 20–35 år. Det er særleg tidlegare asylsøkjjarar som er i denne aldersgruppa. Busette familiesameinte til desse omfatta i større grad barn. Blant overføringsflyktningar var det jamnare aldersfordeling.




Busette flyktningar og familien deira fordelte på sakstype. 1997–2005



Busetjing i ein kommune skjer når ein person som har fått opphald etter ein asylsøknad, flyttar ut av eit statleg mottak og blir ordinær innbyggjar i kommunen. Overføringsflyktningar kjem direkte til Noreg og blir normalt busette utan å vere innom eit statleg mottak først. Dei som treng offentlig hjelp, må busetje seg i den kommunen som staten ved UDI og busetjingskommunen blir einige om. Dei som blir busette etter avtale mellom UDI og kommunen, har etter retningslinjer som er fastsette i introduksjonslova, rett og plikt til å gjennomføre eit introduksjonsprogram i busetjingskommunen. Busetjing i ein kommune må ikkje forvekslast med godkjenning av busetjingsløyve (s. 14).

14. Dei fleste i kategorien "familie til flyktning" blir ikkje registrerte for kommunen sjølv søkjer om integreringstilskot for dei. På grunn av sein registrering vil derfor det registrerte talet i denne gruppa stige noko i forhold til det som er oppgitt her.

15. Ein nykommen flyktning er her definert som ein flyktning som ikkje har fått busetjingsløyve, det vil i dei fleste tilfelle seie at vedkommande har budd i Noreg i under 3 år.



### Flest busette i dei store byane

Det var Oslo kommune som busette flest flyktningar i 2005, til saman 472. Deretter følgjer Trondheim, Bergen, Kristiansand og Stavanger. Andre kommunar som busette mange, var Skien, Bodø, Tromsø og Bærum.

### Busette i forhold til folketalet

Om vi ser talet på busette flyktningar i forhold til folketalet, er det ikkje dei største kommunane som har busett flest. Ein av dei minste kommunane i Noreg, Bykle, busette flest flyktningar i forhold til folketalet i 2005. Av fylka var det Vest-Agder som busette flest samanlikna med folketalet i 2005. I 2004 hadde Oslo færrest busette flyktningar per innbyggjar, men i 2005 overtok Østfold denne plasseringa.

Rangeringa av busette flyktningar fordelte på fylke og etter folketal tek ikkje omsyn til sekundærflyttingar. Sekundærflytting vil seie flytting som flyktningar gjer etter at dei er blitt busette i ein kommune. Tala fortel derfor ikkje om flyktningane og familien deira faktisk blir buande i det fylket dei først blei busette i.

Teksttabell 7. Busette flyktningar og familien deira, totalt og fordelte på dei ti største kommunane. 2005

| Kommune        | Busette |
|----------------|---------|
| Oslo           | 472     |
| Bergen         | 231     |
| Trondheim      | 228     |
| Kristiansand   | 171     |
| Stavanger      | 126     |
| Skien          | 107     |
| Bodø           | 83      |
| Tromsø         | 80      |
| Bærum          | 74      |
| Drammen        | 68      |
| Andre kommunar | 3188    |
| Totalt         | 4828    |



Teksttabell 8. Busette flyktningar og familien deira, fordelte på fylke og folketal. 2005

| Fylke              | Folketalet ved inngangen til 3. kvartal 2005 <sup>16</sup> | Busette flyktningar <sup>17</sup> | Busette i forhold til folketalet per 100 000 innbyggjar |
|--------------------|--|-----------------------------------|---|
| Vest-Agder         | 161953   | 297                               | 183   |
| Telemark           | 166080   | 301                               | 181   |
| Aust-Agder         | 103852   | 165                               | 159   |
| Nordland           | 236574   | 343                               | 145   |
| Nord-Trøndelag     | 128696   | 162                               | 126   |
| Oppland            | 183103   | 222                               | 121   |
| Buskerud           | 244209   | 293                               | 120   |
| Troms              | 153263   | 181                               | 118   |
| Sør-Trøndelag      | 273673   | 311                               | 114   |
| Finnmark Finnmarku | 72974  | 82                                | 112   |
| Hedmark            | 188244   | 192                               | 102   |
| Rogaland           | 395218   | 402                               | 102   |
| Hordaland          | 450575   | 428                               | 95  |
| Sogn og Fjordane   | 106904   | 96                                | 90  |
| Oslo               | 533050   | 472                               | 89  |
| Akershus           | 497069   | 374                               | 75  |
| Vestfold           | 221372   | 160                               | 72  |
| Møre og Romsdal    | 245013   | 174                               | 71  |
| Østfold            | 259477   | 173                               | 67  |
| Noreg              | 4621299  | 4828                              | 104   |

16. Kjelde: URL: <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken>.

17. Tabellen inkluderer berre første busetjing, ikkje sekundærflyttingar.





## Færre bebuarar i mottak

Ved årsskiftet 2005/2006 budde om lag 8900 personar i asylmottak. Dette var 26 prosent færre enn ved årsskiftet 2004/2005, då det var 12 200 personar som budde i mottak. Asylmottak er eit frivillig, mellombels butilbod til menneske som har søkt om asyl. Tilbodet varer til vedkommande blir busett i ein kommune etter å ha fått positivt vedtak på søknaden, eller til søkjaren har fått avslag og må forlate landet.

Årsaka til nedgangen i talet på bebuarar i mottak er først og fremst at det i 2005 kom færre asylsøkjjarar enn i tidlegare år. Både talet på søkjjarar som venta på ei avgjerd i saka, og talet på personar som hadde fått opphald og venta på å bli busette i ein kommune, gjekk ned. Talet på personar som hadde fått avslag på søknaden og derfor skulle forlate landet, endra seg derimot ikkje vesentleg gjennom året.

Nedgangen i talet på personar som trong mottaksplass, førte til at fleire mottak blei lagde ned i løpet av 2005. Ved utgangen av 2005 var det asylmottak i alle fylka i Noreg. Ved årsskiftet 2005/2006 var 75 mottak i drift, mot 100 eitt år tidlegare. Ved utløpet av året hadde Nordland fylke flest personar buande i mottak.

Ved utgangen av 2005 var det menneske med bakgrunn frå 86 land i mottaka. Menneske med bakgrunn frå Somalia, Irak, Afghanistan, Russland og Serbia og Montenegro utgjorde 58 prosent av alle bebuarane. Eit år tidlegare stod dei fem største landa for heile 70 prosent.


## Barn i mottak

Ved utgangen av 2005 var omtrent 2300 av menneska som budde i mottak, under 18 år. Det tilsvarte 26 prosent av alle bebuarane i mottak og var 1000 færre enn eit år tidlegare, då 3300 personar var under 18 år. Litt over halvparten av barna var i skulepliktig alder. Dei fleste barna budde saman med foreldra eller andre følgjepersonar.


## Bebuarar forlét mottak av ulike grunnar

Nærmare 9800 personar forlét eit mottak i løpet av 2005. Dei reiste fordi dei blei busette i ein kommune, blei uttransporterte frå landet av politiet, returnerte frivillig til heimlandet etter endeleg avslag på søknaden eller flytta til ei kjend eller ukjend adresse. I 2005 var det om lag 3200 registrerte tilfelle av personar som reiste frå mottak til ei ukjend adresse. Ein tredel av denne gruppa kjem seinare tilbake til eit mottak. Ein del av dei som er registrerte som 'flytta til ukjend adresse', kan vere uttransporterte frå landet av politiet utan at det er blitt registrert ved mottaka, mens andre kan ha forlate Noreg utan å melde frå til norske styresmakter.


**Bebuarar i mottak ved utløpet av månaden fordelte etter status i saka. 2005**




**Bebuarar i mottak, dei fem største landa ved utgangen av 2005**




**Personar som forlét mottak, etter reisegrunn. 2005**



Asylsøknader til Noreg. 1995 – 2005



Asylsøknader fordelt etter alder ved søknad og kjønn. 2005



## Nedgangen i talet på asylsøknader held fram

I 2005 søkte omtrent 5400 personar om asyl i Noreg. Samanlikna med 2004 var det ein nedgang på 32 prosent og meir enn 2500 asylsøknader.

Talet på asylsøknader var relativt jamt fordelt utover året. Det var ein sesongmessig oppgang i august og september, som i 2004. Men for dei siste tre månadene i 2005 gjekk ikkje søknadsmengda like raskt ned som i 2004. På det lågaste blei det registrert om lag 350 søknader i løpet av éin månad, og det høgaste talet på éin månad var rundt 560 asylsøknader.

Blant dei som søkte asyl i 2005, var i alt 102 ulike land representerte. Det kom flest asylsøknader frå personar med bakgrunn frå Irak (671). Dernest kom personar med bakgrunn frå Somalia (667), Russland (545) og Serbia og Montenegro (468). Frå borgarar av Afghanistan, som toppa lista i 2004, kom det 466 søknader i 2005 (femte plass). Asylsøklarar frå dei fem største landa utgjorde til saman 52 prosent av asylsøknadene i 2005. Talet på søklarar frå Irak auka med 62 prosent i 2005 samanlikna med 2004. For alle andre land som det tradisjonelt har kome mange asylsøklarar frå, var det ein klar nedgang.

Nedgangen i talet på asylsøknader har truleg samanheng med effektivisert og differensiert saksbehandling, kortare saksbehandlingstider og fråvær av konflikatar i Europas nærrområde og dermed generell nedgang i talet på asylsøklarar i Europa. Bruken av fingeravtrykksregisteret Eurodac<sup>18</sup> blei også forbetra, noko som kan ha ført til at færre personar finn det tenleg å reise frå land til land og søkje asyl innanfor land som deltek i Dublin samarbeidet.


For 25 prosent av opphavslanda, om lag 30 land, auka talet på asylsøknader frå 2004 til 2005. Utanom Irak var auken relativt sett størst for personar med bakgrunn frå Eritrea (vel 60 prosent), Den demokratiske republikken Kongo (45 prosent), Rwanda (39 prosent) og Sudan (36 prosent).

Asylsøknader frå land som UDI vurderer som trygge (søknadene blir behandla etter 48-timersprosedyren), utgjorde tre prosent av det totale talet på asylsøknader, like mykje som i 2004.

Av alle som søkte asyl i 2005, var 66 prosent menn. Etter alder var den største gruppa blant asylsøklarane mellom 18 og 30 år (43 prosent). Fordelinga mellom menn og kvinner i 2005 var omtrent som i 2004.

“Asylsøklarar frå dei fem største landa utgjorde til saman 52 prosent av alle asylsøknader til Noreg i 2005.”

Asylsøknader til Noreg, dei fem største landa. 1994 – 2005



18. Forklaring s. 34.

**Færre einslege mindreårige asylsøkjjarar**  
I 2005 var det om lag 320 einslege mindreårige som søkte asyl. Einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA) er personar som hevdar å vere under 18 år og utan følgje av foreldre eller andre med foreldreansvar når dei kjem til Noreg. Samanlikna med 2004 var det ein nedgang på litt over 100 slike søknader. I 2005 – som i tidlegare år – følgde utviklinga i talet på einslege mindreårige asylsøkjjarar omtrent utviklinga for asylsøkjjarar totalt sett.

## Aldersundersøking

Om lag 210 av dei som hevda å vere EMA i søknaden i 2005, blei innkalla til aldersundersøking fordi det var usikkert om dei hadde gitt opp riktig alder. Undersøkinga blir gjennomført med røntgenfotografering av tenner og hand. Dersom resultatet av aldersundersøkinga viser at det ikkje kan vere tvil om at denne personen er over 18 år, skal han behandlast som ein vaksen asylsøkjjar og ikkje som mindreårig. Den endelege vurderinga av alderen blir gjort ved vedtaket i asylsaka.

Samanlikna med 2004 blei færre av dei som hevda å vere einslege mindreårige aldersundersøkte i 2005. I 2004 blei 86 prosent aldersundersøkte, mens det i 2005 var 65 prosent. Når det ikkje er tvil om at søkjaren er under 18 år, blir det ikkje gjennomført noka aldersundersøking. Vi kan derfor allereie no, sjølv om det ikkje ligg føre vedtak i alle asylsaker, konkludere med at prosentdelen av reelt mindreårige blant dei som hevda å vere einslege mindreårige, er høgare i 2005 enn i 2004.

Nokre få asylsøkjjarar blei også aldersundersøkte fordi det var mistanke om at dei var yngre enn oppgitt alder. Av dei som søkte asyl i 2005, blei to personar som hevda å vere over 18 år ved utløpet av januar 2006, vurderte som mindreårige i vedtaket i asylsaka.

## Vedtak

I 2005 blei det gjort i underkant av 230 vedtak (om lag 460 i 2004) for personar som i søknaden hevda å vere under 18 år, og der dette også låg til grunn for vedtaket i saka etter ei aldersundersøking. Desse blir heretter omtalte som reelle EMA-saker. I alt 79 prosent av desse sakene blei realitetsbehandla av UDI. Om lag 20 prosent av sakene blei behandla i tråd med Dublin II-forordninga, trekte tilbake eller ikkje realitetsbehandla av andre grunnar. I 2004 blei 83 prosent av dei reelle EMA-sakene realitetsbehandla.

Av dei om lag 180 realitetsbehandla sakene i 2005 fekk 75 prosent opphald. Prosentdelen som fekk opphald, gjekk opp samanlikna med 2004, då han var på 71. Endringane mellom 2004 og 2005 kan forklarast med samansetjinga av dei søknadene som blei ferdigbehandla dei to åra.

I 2005 fekk ti prosent godkjent løyve om asyl, 36 prosent fekk opphald av andre vernegrunnar, og 28 prosent fekk opphald av humanitære grunnar. Dette var omtrent same fordeling som i 2004, då sju prosent fekk asyl, 31 prosent fekk opphald av andre vernegrunnar og 33 prosent av humanitære grunnar.


Det var 84 prosent av jentene som fekk opphald i 2005, mot 71 prosent blant gutane. Det var likevel fleire gutar enn jenter som fekk opphald. Av dei som fekk opphald, var dei fleste frå Somalia. Blant jentene som fekk opphald, kom også den største gruppa frå Somalia, mens den største gruppa blant gutane var frå Afghanistan.

Av dei om lag 50 jentene som fekk opphald i Noreg, fekk 20 prosent asyl, 25 prosent opphald av andre vernegrunnar og 38 prosent opphald av humanitære grunnar. Blant dei 90 gutane som fekk opphald, fekk 6 prosent asyl, 41 prosent opphald av andre vernegrunnar og 24 prosent opphald av humanitære grunnar.


Blant dei reelle einslege mindreårige som fekk vedtak i 2005, var to prosent under seks år då dei søkte asyl, tre prosent var mellom seks og ni år, 21 prosent var mellom 10 og 14 år, og dei resterande 74 prosentane var mellom 14 og 18 år.

**Einslege mindreårige bebuarar i mottak**  
Ved årsskiftet 2005/2006 budde om lag 120 einslege mindreårige asylsøkjjarar i asylmottak som var spesielt tilpassa denne gruppa. Dei som blir plasserte i slike mottak, er opplagt mindreårige søkjjarar, og søkjjarar som UDI etter aldersundersøking meiner er under 18 år. Av desse var 110 under 18 år. Ein del søkjjarar er blitt 18 år etter at dei kom til landet, og derfor er det personar over 18 år med i statistikken over personar i dei spesielle EMA-mottaka.


**Einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA) som kjem til landet, etter oppgitt alder, og asylsøkjjarar totalt. 1995 – 2004**




**Vedtak i realitetsbehandla reelle EMA-saker etter utfall i UDI, prosent. 2005**



**Innvilga opphald til reelle einslege mindreårige asylsøkjjarar etter kjønn, dei fem største landa. 2005**



Asylsøknader til dei nordiske landa, 2004-2005



”Asylsøknader til alle EU-land til saman gjekk ned med 16 prosent frå 2004 til 2005.”

I 2005 mottok dei nordiske landa om lag 29 000 asylsøknader. Dette var ein nedgang på 25 prosent samanlikna med 2004. Størst var nedgangen i Noreg, med 32 prosent, dernest kom Danmark (– 30 prosent), Sverige (– 24 prosent) og Finland (– 7 prosent). I 2005 hadde Sverige flest asylsøknader, i overkant av 17 500.

**Asylsøknader til utvalde industriland<sup>19</sup>**  
Samanlikna med dei første ni månadene i 2004 var det i 2005 ein samla nedgang på 17 prosent i mottekne asylsøknader i dei 36 landa som rapporterte til UNHCR. Ein nedgang i første halvår blei avløyst av ein liten auke på fire prosent i tredje kvartal 2005 samanlikna med andre kvartal. Frankrike mottok flest asylsøknader også i 2005, men hadde i motsetning til i 2004 ikkje auke i talet på asylsøknader, men ein nedgang på 12 prosent. Det landet som hadde størst auke i søknader, var Hellas, med ein vekst på 3700 (108 prosent). Nederland, Belgia og Finland var også blant dei ti landa som hadde ein auke samanlikna med same periode i 2004. Blant dei som mottok flest søknader dei ni første månadene i 2005, var det størst nedgang i Tyskland (– 25 prosent) og Storbritannia (– 24 prosent). Asylsøknader til alle EU-land til saman gjekk ned med 16 prosent frå 2004 til 2005. Nedgangen for dei nye EU-landa var på 33 prosent, mens dei gamle EU-landa hadde ein nedgang på 14 prosent samanlikna med 2004. Med ein nedgang i talet på asylsøknader på 37 prosent per tredje kvartal 2005 hadde Noreg den tredje største relative nedgangen blant dei industrialiserte landa. Størst relativ nedgang hadde Slovakia (– 73 prosent), og dernest kom Luxembourg (– 49 prosent) og New Zealand (– 45 prosent).

Noreg hadde per tredje kvartal 2005 motteke 1,6 prosent av alle asylsøknader i dei industrialiserte landa og 2,1 prosent av alle asylsøknader i Europa. Noregs prosentdel av asylsøknadene gjekk ned frå 2,2 prosent (blant industrialiserte land) og 2,8 prosent (i Europa) i 2004.

Dei 36 landa som rapporterte til UNHCR, mottok i 2005 flest asylsøknader frå personar med bakgrunn frå Serbia og Montenegro, 16 300 (– 4 prosent), Russland, 15 600 (– 29 prosent), Kina, 14 000 (– 6 prosent), Tyrkia, 9100 (– 25 prosent) og Irak, 8800 (+ 28 prosent).

Desse fem landa utgjorde 28 prosent av alle asylsøknadene i 2005. Samanlikna med 2004 var det størst prosentvis auke i asylsøknader frå Bulgaria (47 prosent), Haiti (34 prosent) og Eritrea (32 prosent).

Teksttabell 9. Asylsøknader mottekne i 36 industriland, dei ti største landa og totalt per 3. kvartal. 2003-2005

| Land          | 2003<br>Per 3 kv | 2004<br>Per 3 kv | 2005<br>Per 3 kv |
|---------------|------------------|------------------|------------------|
| Frankrike     | 42390            | 43945            | 38741            |
| USA           | 58522            | 40028            | 37460            |
| Storbritannia | 46835            | 30520            | 23155            |
| Tyskland      | 38856            | 27304            | 20402            |
| Østerrike     | 24567            | 18704            | 15459            |
| Canada        | 24941            | 18225            | 13906            |
| Sverige       | 23085            | 17655            | 12423            |
| Belgia        | 12023            | 11070            | 11836            |
| Nederland     | 10685            | 7140             | 8269             |
| Sveits        | 15966            | 11568            | 7456             |
| Andre land    | 66573            | 55943            | 46145            |
| Total         | 364443           | 282102           | 235252           |

Kjelde: UNHCR

Teksttabell 10. Asylsøknader mottekne i 36 industriland, fordelte på landbakgrunnen til søkjaren, dei ti største landa og totalt per 3. kvartal. 2005

| Landbakgrunn         | Total  |
|----------------------|--------|
| Serbia og Montenegro | 16281  |
| Russland             | 15615  |
| Kina                 | 13966  |
| Tyrkia               | 9121   |
| Irak                 | 8757   |
| Haiti                | 8291   |
| Iran                 | 6597   |
| Afghanistan          | 5610   |
| Somalia              | 5336   |
| India                | 5214   |
| Andre land           | 132921 |
| Total                | 227709 |

Kjelde: UNHCR

Avviket mellom teksttabell 9 og 10 kjem av at i teksttabell 9 reknar USA talet på søknader, mens det i tabell 10 er vist til talet på personar.

19. Sidan det midt i februar 2006 ikkje låg føre statistikk for 2005 frå UNHCR, er det brukt tal for dei ni første månadene som samanlikningsgrunnlag. Italia er ikkje inkludert i talmaterialet. Kjelde: <http://www.unhcr.ch/cgi-bin/texis/vtx/statistics> (2005)

Personar frå ein del land må ha visum for å kunne komme til Noreg. Etter at søknaden er behandla ved ein norsk utanriksstasjon eller ein utanriksstasjon som representerer Noreg, vil søkjaren kunne få visum av utanriksstasjonen eller UDI. Eit visum som er gitt av eit anna Schengen-land, vil også vere gyldig ved besøk i Noreg. I 2005 blei det gjort om lag 95 500 vedtak i visumsaker ved norske utanriksstasjonar og i UDI. Om lag 85 100, 89 prosent av vedtaka var positive og resulterte i at søkjaren fekk visum. Turistvisum utgjorde den største delen.

## Eitt av tre visum gitt i Russland

Noreg har ikkje visumfridomsavtale med Russland. I 2005 blei det derfor behandla mange visumsøknader, omtrent 31 200, ved dei tre utanriksstasjonane i Russland: Murmansk, Moskva og St. Petersburg. Samanlikna med 2004 var det i 2005 ein auke på drygt 1400 vedtak i visumsaker. I alt 98 prosent av søknadsbehandlingane ved desse utanriksstasjonane resulterte i eit vedtak om visum. Av alle visuma som dei norske utanriksstasjonane i Russland godkjende, var det om lag seks prosent som blei gitt på vegner av Sverige.

## Representasjon

I alt var det omtrent 91 000 visumsaker som blei behandla ved Noregs utanriksstasjonar i 2005. Talet inkluderer også rundt 9400 saker der Noreg representerte styresmaktene i andre land. Visum som blei gitt av andre lands utanriksstasjonar på vegner av Noreg, kjem i tillegg. I alt 56 utanriksstasjonar som representerer andre Schengen-land, har fullmakt til å gi visum på vegner av Noreg.

## Søknader frå tredjelandsborgarar

Tala på visumsaker som er behandla ved norske utanriksstasjonar, viser berre kva for utanriksstasjon som har behandla søknaden, ikkje kva landbakgrunn søkjaren har. Det er sannsynleg at søkjaren i dei fleste tilfella er borgar av det landet som utanriksstasjonen ligg i, men i ein del land der statsborgarar har visumfridom, vil det kunne opphalde seg mange personar med eit anna statsborgarskap. Dette er årsaka til at det er gitt mange visum ved norske utanriksstasjonar i Storbritannia.

## Visumsaker behandla i UDI


Dersom er tvil om utfallet av ein søknad, og dersom utanriksstasjonen har avslått ein søknad og søkjaren har klaga på vedtaket, er det UDI som behandlar søknaden. I 2005 behandla UDI som førsteinstans 4500 søknader om visum. Det utgjorde fem prosent av alle søknadene om visum til Noreg som blei behandla av norske styresmakter. Samanlikna med 2004 var det om lag 800 færre visumsaker som blei behandla. I alt 56 prosent av visumsøknadene som UDI behandla, blei godkjende. Om lag 33 prosent av sakene gjaldt borgarar frå Iran og Serbia og Montenegro. Av søknadene frå Iran blei litt over halvparten godkjende, mens det for søkjarar frå Serbia og Montenegro var positivt vedtak i drygt 60 prosent av sakene.

## Klager i visumsaker


UDI behandlar også klager på visumavslag ved utanriksstasjonane. I 2005 behandla UDI 1800 klager på avslag i visumsaker. Samanlikna med 2004 var dette ein nedgang på snaut 900 klager. I alt 34 prosent av klagene var frå personar med pakistansk statsborgarskap, mens ti prosent av klagene gjaldt filippinske borgarar. Ni prosent av klagene enda med at det blei gitt visum.

Turistvisum gir høve til å reise inn i Noreg og Schengen-området og opphalde seg i dette området i ein periode på inntil 90 dagar. Slikt visum blir gitt for turistbesøk, familiebesøk, offentlege oppdrag, forretningsreiser eller liknande. Turistvisum gir ikkje høve til å ta arbeid eller drive ervervsverksemd i Noreg og skal ikkje givast til personar ønskjer å ta permanent opphald i Noreg. Det er ein føresetnad at søkjaren returnerer etter avslutta besøk. I utgangspunktet blir det gitt visum berre for éi innreise, men ved særlege behov kan det bli gitt for eit bestemt eller ubestemt tal innreiser innanfor ein tolv månadersperiode.


Visumsaker behandla ved norske utanriksstasjonar, etter dei ti største landa. 2005




Visumsaker behandla i UDI, etter dei ti største landa. 2005




**Uttransporteringar av politiet, etter grunnlag, dei ti største landa. 2005**  
Kjelde: Politiets Utlendingseining (PU)



**Vedtak om utvising fordelte på grunnlag, dei ti største landa. 2005**



**Vedtak om bortvising etter grunnlag, dei ti største landa. 2005**



I 2005 blei det registrert omtrent 3500 personar som reiste frå Noreg etter eit endeleg avslag på asylsøknaden eller etter vedtak om utvising og bortvising. I underkant av 3000 personar blei uttransporterte av politiet, og nærare 560 personar reiste frivillig ut av Noreg med International Organization for Migration (IOM). I alt 530 av dei som reiste med IOM, var tidlegare asylsøklarar. Personar som blei uttransporterte frå norske mottak etter endeleg avslag, utgjorde berre 52 prosent av dei uttransportane som politiet gjennomførte med tidlegare asylsøklarar. 37 prosent av dei som blei uttransporterte av politiet, hadde fått endeleg avslag etter realitetsbehandling av asylsøknaden, og 29 prosent hadde fått endeleg avslag etter behandling av saka i samsvar med Dublin II-forordninga. Dei resterande 34 prosentane blei uttransporterte etter vedtak om utvising eller bortvising. I tillegg til dei 3500 personane som returnerte eller reiste med IOM, er det truleg at mange tidlegare asylsøklarar forlét Noreg utan at norske styresmakter fekk melding om det.

*Teksttabell 11. Frivillig retur med IOM, totalt og fordelt på dei ti største landa. 2005*

| Landbakgrunn           | Returer |
|------------------------|---------|
| Serbia og Montenegro * | 98      |
| Russland               | 65      |
| Afghanistan            | 47      |
| Irak                   | 42      |
| Bosnia-Hercegovina     | 37      |
| Aserbajdsjan           | 25      |
| Iran                   | 21      |
| Pakistan               | 17      |
| Nigeria                | 16      |
| Albania                | 14      |
| Andre land             | 175     |
| Totalt                 | 557     |

\* Kosovo av desse: 36  
Kjelde: IOM

## Utvisingar

### Fleire utvisingsvedtak

I 2005 blei det gjort i underkant av 1300 vedtak om utvising, ein oppgang på 14 vedtak samanlikna med 2004. Flest utvisingsvedtak blei gjort på bakgrunn av brot på utlendingslova. Samanlikna med 2004 var det nærare åtte prosent fleire utvisingsvedtak på grunn av brot på straffelova.

I alt 13 prosent av utvisingsvedtaka i 2005 gjaldt borgarar av Somalia og Russland. Brot på utlendingslova var grunnlaget for dei fleste av desse vedtaka. Blant dei som fekk utvisingsvedtak på grunn av brot på straffelova, var borgarar frå Polen, Serbia og Montenegro og Albania dei største gruppene.

## Bortvisingar

### Færre bortvisingsvedtak

I 2005 blei det gjort i overkant av 700 vedtak om bortvising. 90 prosent av desse vedtaka kom ved innreise til Noreg. Samanlikna med 2004 var det ein nedgang på omtrent 400 bortvisingar. Flest bortvisingsvedtak (30 prosent) gjaldt personar frå Romania, Nigeria og Russland.



- Tabell 1 Arbeidsløyve fordelte på type løyve og år. 1996–2005
- Tabell 2 Arbeidsløyve fordelte på type løyve og landbakgrunn. 2005
- Tabell 3 Utdanningsløyve fordelte på type løyve og landbakgrunn. 2005
- Tabell 4 Familieinnvandringsløyve fordelte på landbakgrunn og år. 2001–2005
- Tabell 5 Personar som har fått vedtak om vern. 1996–2005
- Tabell 6 Asylvedtak i UDI fordelte på landbakgrunn og utfall. 2005
- Tabell 7 Overføringsflyktningar fordelte på godkjenningar og innreiser til Noreg. 2005
- Tabell 8 Busetjingsløyve fordelte på landbakgrunn. 2005
- Tabell 9 Asylsøknader til Noreg fordelte på landbakgrunn og år. 1995–2005
- Tabell 10 Einslege mindreårige asylsøkjjarar til Noreg, fordelte på landbakgrunn og år. 2000–2005
- Tabell 11 Asylsøknader mottekne i 36 industriland, etter land per 3. kvartal. 2004–2005
- Tabell 12 Visumsaker behandla ved norske utanriksstasjonar, fordelte på utanriksstasjon og utfall. 2005
- Tabell 13 Visumsaker behandla i UDI, fordelte på landbakgrunn og utfall. 2005
- Tabell 14 Bortvisingsvedtak ved innreise fordelte på grunnlag og år. 1991–2005
- Tabell 15 Bortvisingsvedtak etter innreise fordelte på grunnlag og år. 1991–2005
- Tabell 16 Utvisingsvedtak fordelte på grunnlag og år. 2003–2005

Tabell 1. Arbeidssinnvandringsløyve fordelte på type løyve og år. 1996–2005\*

|      | Grunnlag for BOS** |           | Fornybare løyve |             | Ikkje-fornybare løyve |       | EØS   | Andre | Føstegongs-løyve | Fornyingar | Totalt | Endring | Endring % |
|------|--------------------|-----------|-----------------|-------------|-----------------------|-------|-------|-------|------------------|------------|--------|---------|-----------|
|      | Spesialist         | Andre BOS | Inntil 4 år     | Inntil 2 år | Sesong                | Andre |       |       |                  |            |        |         |           |
| 1996 | 371                | 20        | 391             | 0           | 5770                  | 2333  | 1939  | 0     | 10824            | 1480       | 12304  |         |           |
| 1997 | 387                | 26        | 454             | 0           | 6299                  | 2589  | 2551  | 0     | 12306            | 1574       | 13880  | 1576    | 13 %      |
| 1998 | 450                | 17        | 618             | 0           | 7563                  | 2586  | 3181  | 0     | 14417            | 1787       | 16204  | 2324    | 17 %      |
| 1999 | 428                | 27        | 720             | 0           | 8388                  | 2302  | 3416  | 0     | 15282            | 2384       | 17666  | 1462    | 9 %       |
| 2000 | 515                | 13        | 664             | 21          | 9930                  | 2479  | 2234  | 0     | 15856            | 2437       | 18293  | 627     | 4 %       |
| 2001 | 817                | 23        | 920             | 76          | 11896                 | 2743  | 2518  | 0     | 18994            | 2594       | 21588  | 3295    | 18 %      |
| 2002 | 1730               | 28        | 1070            | 247         | 15714                 | 2819  | 2549  | 0     | 24158            | 3247       | 27405  | 5817    | 27 %      |
| 2003 | 1126               | 16        | 754             | 147         | 17886                 | 2473  | 3237  | 0     | 25650            | 3692       | 29342  | 1937    | 7 %       |
| 2004 | 747                | 10        | 967             | 125         | 4854                  | 2128  | 24180 | 0     | 33013            | 6966       | 39979  | 10637   | 36 %      |
| 2005 | 1223               | 20        | 895             | 119         | 1816                  | 1120  | 22711 | 518   | 28422            | 22047      | 50469  | 10490   | 26 %      |

\*Tala kan avvike frå det som er oppgitt i rapportar for tidlegare år. Dette kjem av at ein del saker blir registrerte i datatystemet ei tid etter at løyvet er gitt, og kjem derfor ikkje med i statistikken for det året.

Tala viser totalmengda av føstegongs-løyve og fornyingar gitt av alle instansar, også politiet og Utlendingsnemnda.

\*\*Busetjingsløyve

Tabell 2. Arbeidsløye fordelt på type løye og landbakgrunn. 2005

| Landbakgrunn         | Grunnlag for BOS*      |       | Fornybare               |                         | Ikkje- fornybare |       | EØS   | Anna  | Totalt<br>førstegongs | Fornyingar | Totalt |
|----------------------|------------------------|-------|-------------------------|-------------------------|------------------|-------|-------|-------|-----------------------|------------|--------|
|                      | Spesialist/<br>faglært | Andre | Fornybar<br>inntil 4 år | Fornybar<br>inntil 2 år | Sesong           | Andre |       |       |                       |            |        |
| Austerrike           | 2                      | 0     | 0                       | 0                       | 0                | 0     | 87    | 0     | 89                    | 35         | 124    |
